

# Linnea (*Linnea Borealis*)

## Vart brukt mot hudsjukdomar



1. Liggjande stengel med kortskot og blomar . 2: Her er blomen blitt til frukt. 3: Lengdesnitt av blom. 4: Nøtt (frukt) 5: Nøtt med spreingsapparat av to kjertelhåra skjermblad som festar seg i pelsen til dyr. 6: Tverrsnitt av nøtt med kjertelhår og skjermblad .

### TIDLEGARE BRUK


Få planter har vorte så mykje brukt i folkemedisinen som linnea. Røyk av opphakka Linnea skulle kurere hudsjukdomar, alveld og helveteseld. Det vart og bruk te, graut og omslag. Avkok vart ofte brukt i badevatn til spedbarn som hadde utslett.

I Sogn kalla dei Linnea for frismegras etter hudsjukdomen frisme eller frismesvullar.

Linnea var og brukt mot gikt og kuma.

Linnea vert ikkje lenger rekna som medisinplante. Det er ikkje funne noko lækjande stoff i planta

### CARL von LINNÉ JUBILEUM



Linnea var yndlingsplanta til den kjente botanikaren Carl von Linné som kalla planta opp etter seg sjølv.

Den 23 mai 2007 evar det 300 år sidan ein av dei største vitenskapsmennene i verda vart født i søndre Småland i Sverige. Han store lidenskap som barn, og resten av livet, var planter.

Linné er mest kjent for den enorme innsatsen han gjorde for å nå sitt store mål, nemlig å innføre eit nytt inndelingssystem for plante-, dyre- og mineralriket.